



Kålås & Sønn Byggevarehandel AS
Oddbjørn Hindenes

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7408 - 14/27617

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
11.12.2014

Mellombels bruksløyve - gbnr 244/5 Eidsnes - tilbygg bustad, garasje og bod

Tiltakshavar: Inger Elisabeth og Martin Halland, 5099 Bergen
Ansvarleg søkjar: Kålås & Sønn Byggevarehandel, 5915 Hjelmås
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at delar av tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 13.05.2008 (rammeløyve). Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Etablering av permanent trapp ved bi-inngangsdør bustad innan 31.12.2014.
2. Ferdigstilling av garasje innan 31.12.2015.

Mellombels bruksløyve gjeld tiltaket: tilbygg bustad.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling av heile tiltaket til: 31.12.2015.

Det vert elles vist til søknad motteken 08.11.2014.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for [heile/delar] av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

Adresse:	Eidsnes indre
Bygningstiltak:	Tilbygg bustad, garasje og bod
Bygningsnummer:	176293004-1 (tilbygg bustad), 30004241 (garasje) og 300042416 (bod)
Bruksareal:	90m ² (tilbygg bustad), 74m ² (garasje) og 13m ² (bod).

VEDTAK:



Med heimel i plan- og bygningslova §21-10, 3.ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for tiltak på gnr. 244, bnr. 5 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld tilbygg bustad.
2. Ferdigattest for heile tiltaket skal liggje føre innan 31.12.2015.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

10.2 Pbl.§20-1	Gebyr
10.2.8 Mellombels bruksløyve	Kr. 2.800,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato.

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Inger og Martin Halland

Nedre Nattland 56 5099

BERGEN

Mottakrar:

Kålås & Sønn Byggevarehandel AS